



Planfagleg vurdering om krav til KU

Bakgrunn og føremål

Sunnfjord Kommune har i dag dispensasjon i eit avgrensa tidsrom for å drifte Brann- og Redningstenesta i eksisterande lokalar, i Førde. For å stette dagens krav og pålegg, vurderer kommunen å bygge ny stasjon. Ny brannstasjon er planlagt plassert på Hafstad, mellom Hafstad VGS og Politistasjonen, på Gnr./Br.nr. 61/470/485. Det skal og tas med uteopphaldsareal til Hafstad skule, på gbnr. 61/471/378/139, og areal til bufelleskap for psykisk helse nordaust i planområdet. Det skal vere 10 plassar i bufellesskapet.

Planområdet er på om lag 23 daa. Området er i dag nytta som riggområde, skule og landbruk. Det er i gjeldande kommuneplan regulert til offentleg og privat tenesteyting.

Føremålet med KU-forskrifta er elles å sikre at omsynet til miljø og samfunn vert tatt i betrakting under førebuing av planar og tiltak, og når det tas stilling til om og på kva vilkår planar eller tiltak kan gjennomførast. Det er den som fremmer forslag om ein plan eller eit tiltak som er forslagsstillar etter forskrifta, og det er opp til forslagsstillar å vurdere om planen eller tiltaket utløysar krav til KU-vurdering.

| | |
|----------------|-------------------------------------|
| Forslagstillar | Sunnfjord kommune |
| Plannamn | Detaljregulering Førde Brannstasjon |
| Plan-id | 464720220008 |
| Dato | 23.02.2023 |

Vurdering i høve KU-forskrifta

Kva planar og tiltak som omfattast av forskrifta går fram av §§ 6, 7 og 8.

§ 6. Planer og tiltak som alltid skal konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding

Følgjande planar og tiltak skal alltid konsekvensutgreiast og ha planprogram eller melding:

| | |
|-----------|--|
| § 6 a) | Kommuneplanens arealdel etter § 11-5 og regionale planer etter plan- og bygningsloven § 8-1, kommunedelplanar etter § 11-1, og områdereguleringar etter § 12-2 når planane fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II |
| Vurdering | Ikkje relevant. |
| § 6 b) | Reguleringsplaner etter plan- og bygningsloven for tiltak i vedlegg I. Unntatt frå dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidligare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen |
| Vurdering | Ikkje relevant. Planforslaget er vurdert opp mot forskriftas vedlegg I, pkt.24 «Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med bruksareal på meir enn 15 daa». Det vert ikkje lagt opp til nye areal for næring, tenesteyting osv. som overstig 15 daa BRA, og tiltak fell dermed ikkje inn under forskriftas vedlegg I, pkt.24. |
| § 6 c) | Tiltak i vedlegg I som handsamast etter andre lover enn plan- og bygningsloven. |
| Vurdering | Ikkje relevant. |

Detaljreguleringsplanen vert vurdert å ikkje falle inn under § 6, og utløysar med det ikkje automatisk krav om konsekvensutgreiing.

§ 7. Planer og tiltak etter andre lover som alltid skal konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding

Følgjande tiltak og planer etter andre lover skal alltid konsekvensutgreiast, men ikkje ha melding:

| § 7 a) | Tiltak i vedlegg II som handsamast etter energi-, vassressurs- eller vassdragsreguleringsloven |
|-----------|---|
| Vurdering | Ikkje relevant. |
| § 7 b) | Planer og programmer etter andre lover som fastsetter rammer for tiltak i vedlegg I og II og som blir vedtatt av eit departement. |
| Vurdering | Ikkje relevant. |

Detaljreguleringsplanen vert vurdert å ikkje falle inn under § 7, og utløysar med det ikkje automatisk krav om konsekvensutgreiing.

§ 8. Planar og tiltak som skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentleg verknadar for miljø eller samfunn

Følgjande planer og tiltak skal konsekvensutgreiast viss dei kan få vesentlige verknadar etter § 10, men ikkje ha planprogram eller melding:

| § 8 a) | Reguleringsplaner for tiltak i vedlegg II. Unntatt frå dette er reguleringsplaner der det konkrete tiltaket er konsekvensutgreia i ein tidlegare plan og der reguleringsplanen er i samsvar med denne tidlegare planen |
|-----------|---|
| Vurdering | Det planlagde tiltaket er vurdert opp i mot vedlegg II. Det er ikkje tydeleg at disse tiltaka vert omfatta av vedlegg II, men aktuelt arealbruk kan tolkast inn under pkt. 11 j). <ul style="list-style-type: none">• <u>Vedlegg II, pkt. 11</u> Andre prosjekter, j) Næringsbygg, herunder kjøpesenter som ikkje inngår i pkt. 10 b), bygg og offentleg eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål. |
| § 8 b) | Tiltak i vedlegg II som handsamast etter ei anna lov enn plan- og bygningsloven. |
| Vurdering | Ikkje relevant. |

Når det planlagde tiltaket er vurdert å kunne slå inn under § 8 vedlegg II, pkt. 11 j), skal det gjerast ei vurdering om disse tiltaka kan få vesentleg verknad etter § 10. Følgjande kjem det difor ei nærmare vurdering av vurderingskriteria i forskrifta.

Vurdering av om planar eller tiltak etter § 8 krev KU-vurdering

I vurderinga av om ein plan eller eit tiltak kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, skal det sjåast til at eigenskapar ved planen eller tiltaket, jf. andre ledd og planen eller tiltakets lokalisering og påverknad på omgjevnadane, jf. tredje ledd. Det skal også i nødvendig grad sjåast til eigenskapar ved verknadar nemnt i fjerde ledd.

Eigenskapar

Eigenskapar ved planen eller tiltaket omfattar:

| § 10, 2. ledd | | |
|---------------|--|--|
| | Tema | Vurdering av vesentleg verknad |
| a) | Størrelse, planområde og utforming | <p>Planområdet er om lag 23 daa. Avgrensinga følgjer eigedomsgrensa i aust, mot politistasjonen, men går ned til midt i vegen, så mot aust til eigedomsgrensa til gbnr. 61/471. Den følger grensa nordover, mot føremålsgrensa mellom byggeområder og grøntområde i reguleringsplan Hafstad Bydel og følger denne vestover fram til plangrensa til Førde Yrkesskule. Avgrensinga følgjer så planavgrensinga til reguleringsplan Førde Yrkesskule nordover, og så vest mot brua. Her går avgrensinga sørover eit kort stykke, før den går austover igjen, før den går langs austlege del av bygget, ned mot E39, og fortsette langs grensa til gang/-sykkelvegen i detaljregulering E39 Fjellvegen_Hafstadvegen og vidare vest til byrjinga av avgrensinga. Dette er gjort for å sikre nok areal til det planlagde tiltaket.</p> <p>Området er nytta til landbruk, uteareal til Hafstad skule, og som riggområde for arbeidet på E39. Området er regulert til offentleg bebyggelse, bustad/offentleg, offentleg og privat tenesteyting, samt naturvernområde og trafikkområde i sjø og vassdrag.</p> <p>Det er vurdert at plassering og utforming av planområdet ikkje vil få vesentleg verknad for miljø og samfunn.</p> |
| b) | Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar | Ikkje relevant. |
| c) | Avfallsproduksjon og utslepp | Ikkje relevant. Det er ikkje venta noko vesentleg avfallsproduksjon eller utslepp utover det som er normalt, som følgje av tiltaka. |
| d) | Risiko for alvorlige ulykker/eller katastrofar | Planforslaget med tilhøyrande tiltak er vurdert til å ikkje føre til vesentleg auka risiko for alvorlege ulykker/eller katastrofar. |

Lokalisering og påverknad

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane omfattar ein vurdering av om planen eller tiltaket kan medføre eller komme i konflikt med:

| § 10, 3. ledd | | |
|---------------|---|--------------------------------|
| | Tema | Vurdering av vesentleg verknad |
| a) | Verneområder etter naturmangfoldloven kapittel V eller markaloven § 11, | Ikkje relevant. |

| | | |
|----|--|--|
| | utvalgte naturtyper (naturmangfold-loven kapittel VI), prioriterte arter, verna vassdrag, nasjonale laksefjordar og laksevassdrag, objekt, områder og kulturmiljø freda etter kulturminneloven | |
| b) | Trua arter eller naturtyper, verdifulle landskap, verdifulle kulturminner og kulturmiljø, nasjonalt eller regionalt viktige mineralressursar, områder med stor betydning for samisk utmarksnæring eller reindrift og områder som er særlig viktige for friluftsliv | Ikkje relevant. |
| c) | Statlege planretningslinjer, statlige plan-føresegn eller regionale plan-føresegn gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 27. juni 2008 nr. 71 eller rikspolitiske føresegn eller rikspolitiske retningslinjer gitt i medhald av plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77. | Planforslaget vil ikkje ha vesentleg verknad eller være i strid med statlege- og regionale planføresegn. |
| d) | Større omdisponering av områder avsett til landbruks-, natur- og friluftsformål, samt reindrift eller områder som er regulert til landbruk og som er av stor betydning for landbruksverksemد | Ikkje relevant. Området er regulert til offentleg bebyggelse, bustad/offentleg, offentleg og privat tenesteyting, samt naturvernområde og trafikkområde i sjø og vassdrag. Det skal ikkje byggast utanfor areal som alt er avsett til bygging. |
| e) | Auka belastning i områder der fastsette miljøkvalitets-standardar er overskride | Ikkje relevant. |
| f) | Konsekvensar for befolkningas helse, for eksempel som følge av vann- eller luftforureining | Ikkje relevant. |
| g) | Vesentlig forureining eller klimagassutslepp | Tiltaka er vurdert å ikkje føre til vesentleg forureining eller klimagassutslepp. |

| | | |
|----|---|--|
| h) | Risiko for alvorlige ulykker som en følge av naturfarar som ras, skred eller flaum. | Planområdet ligg utanfor aktsemdssone for skred, men i aktsemdssone for marin leire. Nordleg del av området er også innanfor faresone flaum. |
|----|---|--|

Eigenskapar til verknadar

I vurderinga av om planen eller tiltaket kan få vesentleg verknad og følgjande skal konsekvensutgreiast, skal de sjåast hen til verknadane intensitet og kompleksitet, sannsynet for at verknadane inntreff og når dei inntreff, varighet, hyppigkeit og moglegheit for å reversere eller avgrense dei, om verkandane strekk seg over landegrensene, samt samla verknadar av forslaget til plan eller tiltak og andre eksisterande, godkjende eller planlagde planar eller tiltak.

| § 10, 4.ledd | |
|--------------|--|
| Vurdering | Dei fleste av punkta som er vist til i forskrifta er ikkje relevante for dette planforslaget. Verknadane av dei planlagde tiltaka vil ikkje vere vesentlege. |

Konklusjon – Krav til konsekvensutgreiing

Planforslaget er vurdert opp mot forskrift om konsekvensutgreiing. Basert på denne vurderinga ser vi ikkje at det vil vere nødvendig med planprogram eller KU.

Aktuelle utgreiingstema for dette planforslaget kan handsamast i ROS-analyse og planomtalen.